


**MODALEN KOMMUNE**



**ØKONOMIPLAN 2019-2022**

**OG**

**ÅRSBUDSJETT 2019**

**Rådmannen sitt framlegg**

<b>1</b>	<b>GENERELLE RAMMER OG FØRESETNADER FOR BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANARBEIDET.....</b>	<b>4</b>
1.1.	Lovreglar.....	4
1.2.	Organisering av arbeidet og vedtak.....	4
1.3.	Organisatoriske verkemidler og spelereglar.....	4
1.4.	Fordelingsfullmakter.....	5
<b>2.</b>	<b>GENERELT OM KOMMUNEN SIN ØKONOMI, FØRESETNADER OG OVERORDNA MÅLSETTING.....</b>	<b>6</b>
2.1.	Økonomi og generelle føresetnader.....	6
2.2.	Overordna målsetjingar – Kommuneplan 2015-2026.....	7
<b>3.</b>	<b>ØKONOMISKE FØRESETNADER FOR BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2019 – 2022. ....</b>	<b>7</b>
3.1.	<b>Føresetnader for inntektssida.....</b>	<b>7</b>
3.1.1.	Innleiing.....	7
3.1.2.	Eigedomsskatt.....	8
3.1.3.	Skatt og rammetilskot.....	8
3.1.4.	Kompensasjon for meirverdiavgift.....	9
3.2.	<b>Føresetnader for utgiftssida.....</b>	<b>9</b>
3.2.1.	Lønsvest.....	9
3.2.2.	Godtgjering ordførar, varaordførar og andre folkevalde.....	9
3.2.3.	Pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift.....	10
3.2.4.	Avdrag.....	10
3.2.5.	Lånerente.....	10
<b>4</b>	<b>BUDSJETTLØYVINGAR – AVDELINGANE – TALDEL - OVERSYN.....</b>	<b>10</b>
4.0	Merknader til budsjettet for 2019.....	11
4.1.	<b>Presentasjon einingane: .....</b>	<b>11</b>
4.1.1	Rådmannen/sentraladministrasjon:.....	11
4.1.2	Kultur.....	14
4.1.3	Sosial og barnevern:.....	16
4.1.4	Næring:.....	18
4.1.5	Skule.....	19
4.1.6	Barnehage.....	20
4.1.7	Pleie og omsorg.....	21
4.1.8	Kommuneoverlege.....	22
4.1.9	Teknisk etat:.....	23
4.2.	<b>Tabellar og oversyn:.....</b>	<b>25</b>
	Små investeringar og tiltak som vert ført i driftsbudsjettet.....	25
	Budsjettskjema 1A/1B.....	25
	Økonomisk oversikt drift.....	27

<b>5. INVESTERINGAR.....</b>	<b>28</b>
5.1. Oversyn over investeringar – budsjettskjema 2B.....	29
5.2. Budsjettskjema 2A – Investering .....	29
5.3. Fondsmidlar og lånegjeld – utvikling .....	30
5.4. Utfyllande kommentarar til investeringsbudsjettet.....	31

# 1 Generelle rammer og føresetnader for budsjett- og økonomiplanarbeidet

## 1.1. Lovreglar

Kommunelova set dei lovmessige rammene for kommunen sitt budsjett og økonomiplanarbeid. Kommunen si plikt til å utarbeide og vedta budsjett for det kommande året er nedfelt i kommunelova § 45. Plikta til å utarbeide økonomiplan som minimum omfattar dei 4 neste rekneskapsåra, og foreta ei årleg rullering av økonomiplanen, er nedfelt i kommunelova § 44.

Føremålet med planane er å kartleggje kommunen sine økonomiske rammer i planperioden, og vise mål og oppgåver for kommunen i den same periode innanfor dei økonomiske rammene som kommunen har. Det er eit ufråvikeleg krav at inntektene og utgiftene for dei ulike åra i planperioden er i balanse.

## 1.2. Organisering av arbeidet og vedtak

Budsjetteringa har teke utgangspunkt i vidareføring av eksisterande driftsnivå, justert for kjente/vedtekne endringar, og ei målsetjing om at årleg netto driftsresultat over tid vert tilpassa investeringsnivået til kommunen. Det har dei seinare åra vore ei utfordring å tilpasse driftsnivået til lågare inntekt frå eigedomsskatt, men det er viktig at handlefridomen vert ivareteken og at kommunen har buffer til å handtera uføresette hendingar/endringar med negative konsekvensar.

I formannskapsmøte 23.10.18 informerte einingsleiarane om status, utfordringar og endringsbehov innan sine tenesteområde. I møtet var det drøftingar av føresetnader for budsjettarbeidet med sikte på signal til rådmannen i samband med utarbeiding av budsjettframlegget.

Etter avdelingsvis budsjettering og sentral samordning, vert det sendt ut eit budsjettframlegg frå rådmannen til politisk handsaming. Formannskapet skal handsama budsjettsaka i møte 27.11.18. Budsjettinnstillinga frå formannskapet ligg så til ålment ettersyn fram til handsaming i kommunestyremøtet 13.12.18.

## 1.3. Organisatoriske verkemidlar og spelereglar.

Modalen kommune har hatt, og har god økonomi til å yta tenester for innbyggjarane i kommunen. Utviklinga dei seinare åra har vore mot ein strammare økonomi, særleg grunna redusert inntekt frå eigedomsskatt. I planperioden er det venta betring i eigedomsskatteinntekta igjen. Det er likevel viktig med ei tydeleg prioritering framover, god økonomisk styring og at ein fokuserer på å få mest mogleg tenester ut av dei pengane ein løyver, samt at ressursbruken er i tråd med dei løyvingane kommunestyret har gjeve. Reduksjonen i eigedomsskatteinntekt dei seinare åra har synt at kommunen er sårbar for svingningar i desse inntektene. Det er difor viktig å ha buffer både i form av fondsavsetjingar og i den årleg løpande budsjetteringa.

## **1.4.Fordelingsfullmakter**

Kommunestyret gjev **rammeløyving** til følgjande område:

**Rådmannen/sentraladministrasjon**

**Næring**

**Kultur**

**Sosial og barnevern**

**Skule**

**Barnehage**

**Pleie og omsorg**

**Kommunelege**

**Teknisk etat**

**(Sjå budsjettskjema 1B i kapittel 4.2).**

Desse rammene er absolutte, og endringar kan berre gjerast av kommunestyret. Den løpande oppfølginga av budsjettet på politisk nivå vert lagt til formannskapet. Likevel slik at det minimum to gonger i løpet av budsjettåret skal fremjast eigne saker til kommunestyret som omhandlar kommunen sin økonomiske situasjon (tertialrapportar).

I utøving av fordelingsfullmakta kan formannskapet ikkje fatte vedtak som er i strid med budsjett/økonomiplan fatta i kommunestyret.

## 2. Generelt om kommunen sin økonomi, føresetnader og overordna målsetting.

### 2.1. Økonomi og generelle føresetnader

Kommunen si inntekt kjem i hovudsak frå følgjande finansieringskjelder:


- Skatteinntekt inkl naturressursskatt
- Rammetilskot
- Skatt på eigedom
- Konesjonsavgift
- Øyremerka tilskot
- Gebyr/avgifter/brukarbetaling

Svært mykje av kommunen sin økonomi er knytt til inntekt frå kraftproduksjon. Naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt utgjer i 2018 om lag 40 % av dei samla driftsinntektene til kommunen. Andelen var i mange år aukande og passerte 50 %, men er dei siste åra redusert som følge av redusert eigedomsskatteinntekt. Samla vart eigedomsskatteinntekta redusert med kr 7,1 millionar frå 2013 til 2018, ein nedgang på 30 %. Nye prognosar indikerer at botnen er nådd for denne gongen, og at utviklinga i planperioden vil vere positiv med aukande eigedomsskatteinntekt.

Nedgang i inntekt frå eigedomsskatt har vore ei stor utfordring å handtere dei seinare åra. Den økonomiske situasjonen vil truleg betra seg framover, men det er viktig å halde fram arbeidet med å finne tenlege løysingar og få mest mogleg nytte av pengane som vert løyvd.

#### Diagram - Endring i frie disponible inntekter 2017-2022 (årleg %-vis realendring):

Alle talgrunnlag i faste 2019-kroner. Det er nytta 2,5 % deflator for alle åra.



Diagrammet syner negativ realendring for 2017, 2018 og 2019. Pris- og lønsvekst er altså høgare enn inntektsauken og økonomien har stramma seg til. I åra 2020-2022 er det venta positiv realendring der auken i inntekt er høgare enn pris- og lønsvekst.

## **2.2. Overordna målsetjingar – Kommuneplan 2015-2026**

Kommunen sine overordna målsetjingar er slik nedfelt i kommuneplanen:

1. Modalen er ein attraktiv, trygg og inkluderande plass å bu
2. Modalen kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og attraktiv arbeidsgjevar med relevant kompetanse, tilstrekkeleg kapasitet og gode tenester
3. Næringslivet i Modalen er tufta på god samhandling mellom fleire kompetansemiljø
4. I Modalen er område som fostrar fysisk aktivitet, og god folkehelse lett tilgjengelege for alle
5. I Modalen har ein fokus på eit effektivt og allsidig landbruk

Det årlege driftsbudsjettet og økonomiplanen skal leggje til grunn mål og prioriteringar som er vedtekne i kommuneplanen. Dette gjeld både når det gjeld aktivitetar i tenestemråda og utviklingstiltaka som kommunen planlegg å gjennomføre sjølv eller yte stønad til.

Modalen kommune har hatt ein økonomisk handlefridom som har gjort at kommunen til har kunna løyst eksisterande og nye utfordringar til beste for innbyggjarane i kommunen med stor kommunal eigeninnsats.

Inntektene i åra framover vil truleg auke, det vil framleis vere viktig at alle ledd i organisasjonen bidreg til ei økonomistyring som gjer at det til ei kvar tid er tilgjengeleg og tilstrekkeleg økonomisk handlefridom.

Dette vil òg setje krav til ei streng politisk prioritering av driftskostnader, lokale stønadsordningar og investeringstiltak.

## **3. Økonomiske føresetnader for budsjett og økonomiplan 2019 – 2022.**

### **3.1. Føresetnader for inntektssida**

#### **3.1.1. Innleing**

Ved utrekning av rammetilskot og skatt er det tatt utgangspunkt i dei statlege føresetnadene slik dei er vist i KS sin prognosemodell oppdatert etter framlegg til statsbudsjett for 2019 frå regjeringa.

For skatt og rammetilskot er det lagt til grunn same realnivå som 2019 i dei 3 siste åra i planperioden (2020-2022).

### 3.1.2. Eigedomsskatt

For 2019 legg me til grunn eigedomsskatteinntekt på kr 17,5 millionar, som vil utgjere om lag 19,8 % av samla budsjettert inntekt til kommunen. Tilsvarende var om lag 18,4 % i 2018. Tilbake i 2014 var andelen 26,6 %.


Eigedomsskatt vert skrive ut med 7 promille av grunnlaget (lova sin maksimalsats) i 2019. Etter endring i lov om eigedomsskatt vil Modalen kommune i 2019 skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskatteleva § 3 bokstav c: «berre på Kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum». Frå 2019 vil såleis kommunen ha eigedomsskatt på kraftproduksjon og kraftlinjer.

Eigedomsskatten forfell til betaling i 2 terminar: 31.03 og 30.09.

Det er likningsverdiar (formuesverdi) som ligg til grunn for utrekning av eigedomsskattegrunnlaget på kraftproduksjonsanlegg. Siste åra har det vore lågare kraftprisar. Dette har påverka verdiane, og det har redusert inntektene frå eigedomsskatt. Basert på nye prognosar er det venta at eigedomsskattegrunnlaget vil auka i åra i planperioden. Bakgrunnen for auken er i hovudsak kraftprisane.

#### **Diagram: Utvikling eigedomsskatt 2017 til 2022 (årleg %-vis realendring) :**

Alle talgrunnlag i faste 2019-kroner. Det er nytta 2,5 % deflator for alle åra.



Diagrammet syner den negative realendringa i prosent dei seinare åra. Realendring vil seie at ein justerer for pris- og lønnsvekst (inflasjon). I planperioden er det venta positiv realvekst, altså ein nominell auke år for år som er høgare enn pris- og lønnsveksten.

### 3.1.3. Skatt og rammetilskot

Inntekta i budsjettet for 2019 er rekna med siste prognosemodell frå KS, der føresetnadene frå statsbudsjettet er lagt inn. Rammetilskotet inkluderer både inntektsutjamninga og utgiftsutjamninga mellom kommunane. Utgiftsutjamninga tek høgde for ulike behov mellom



kommunane, medan inntektsutjamninga tek høgde for ulik skatteinngang mellom kommunane. Skatt og rammetilskot utgjør 52,6 % av samla budsjettert driftsinntekt i 2019, i 2018 var andelen 51,1 %. Andelen har vore aukande dei siste åra.


Det kommunale skatteøyret vert sett til maksimalsats ved kommunelikninga for 2019.

Det er lagt til grunn eit rammetilskot på kr 21,8 millionar og skatteinngang på kr 24,6 millionar, inkl naturressursskatt, for 2019, samla kr 46,4 millionar.

Oversynet under viser årleg prosentvis realendring i skatt og rammetilskot samla for åra 2017 til 2022.

**Diagram: Utvikling skatt/rammetilskot 2017-2022 (årleg %-vis realendring):**

Alle talgrunnlag i faste 2019-kroner. Det er nytta 2,5 % deflator for alle åra.



Diagrammet syner at det har vore ein positiv realvekst i skatt/rammetilskot dei seinare åra, men med nedadgåande trend. I planperioden legg ein til grunn ei flat utvikling, dvs ein nominell inntektsvekst på nivå med pris- og lønsveksten.

**3.1.4. Kompensasjon for meirverdiavgift**

Mva-kompensasjon frå mva-utgift i driftsbudsjettet for 2019 er lagt inn med kr 2,8 millionar.

**3.2. Føresetnader for utgiftssida**

**3.2.1. Lønsvekst**

I Statsbudsjettet er årslønnsveksten frå 2018 til 2019 venta å verte 3,25 % Dette er lagt til grunn i lønsbudsjetteringa.

**3.2.2. Godtgjering ordførar, varaordførar og andre folkevalde**

Godtgjering for ordførar, varaordførar og folkevalde er budsjettert i høve gjeldande reglement.

### **3.2.3. Pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift**

Modalen kommune har avtale med KLP om pensjonsforsikring for alle tilsette utanom lærarane, som er forsikra i Statens pensjonskasse.

Budsjettføresetnadene er gjort med bakgrunn i følgjande prognosar for pensjonsleverandørane.

Pensjonspremie	KLP Fellesordninga 20,0 %
Pensjonspremie	KLP Sjukepleiarordninga 18,4 %
Pensjonspremie	SPK 10,9 % (Lærarar)

Arbeidsgjevaravgifta er rekna med 13 % av lønspostane inkl. pensjonspremie.

### **3.2.4. Avdrag**

Modalen kommune legg opp til låneopptak i 2019 og 2020 knytt til bygging av nytt nærings- og tenestesenter. Dette medfører auka finanskostnader. Budsjettert avdrag vert sett til kr 1,0 millionar i 2019, aukande til nominelt om lag kr 1,6 millionar i 2021.

Lånegjelda vil pr 1.1.19 vere om lag kr 16,5 millionar utanom formidlingslån. Basert på førebels plan for finansiering av nybygg, vil lånegjeld eks formidlingslån auke til kr 37 millionar pr 31.12.21 og vere kr 33,8 millionar ved utløpet av planperioden 31.12.2022.

### **3.2.5. Lånerente**

Lånegjelda har flytande rentevilkår. Flytande pt rente i Kommunalbanken er pr dato 1,85 %. I planperioden frå 2020 og utover er det lagt til grunn 2,85 %.

## **4 Budsjettløyvingar – avdelingane – taldel - oversyn**

Formannskapet handsamar sak om budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 i møte 27.11.18. Endeleg vedtak vert gjort i kommunestyret 13. desember. Budsjettet for 2019 har ei bruttoramme (samla driftsinntekt) på omlag kr 88,4 millionar, med eit netto driftsresultat på knapt kr 2,3 millionar, noko som utgjer 2,6 % av driftsinntekta. Kr 2,0 millionar av resultatet er premieavviksinntekt knytt til pensjon. Den inntekta skal amortiserast/utgiftsførast igjen fordelt over dei neste 7 åra. Kr 2,8 millionar av resultatet skriv seg frå næringsfondsinnntekt som vert sett av til næringsfondet.

Modalen kommune har hatt ein solid økonomi og god handlefridom, men tendensen til svakare inntektsutvikling har medført eit ekstra fokus på driftsresultatet. Utfordringar og press på økonomien har i stor grad kommet frå redusert eigedomsskatteinntekt. I åra som kjem er det venta at eigedomsskatteinntekta aukar igjen. Det er då viktig å halda netto driftsresultat på nivå som gjev rom for å ha buffer mot endringar i rammevilkåra for kommunen, samstundes som investeringsnivået over tid er tilpassa resultatet frå drifta, og ein opprettheld høvet til å eigenfinansiera investeringane i størst mogleg grad. I perioden er det lagt til grunn at det skal oppførast og finansierast nytt nærings- og tenestesenter med ei utgiftsramme på kr 40 millionar. Kostnader knytt til dette er innbakt i planperioden.

Det er viktig å vera merksam både på utviklinga i driftskostnadene og -inntektene, slik at økonomien vert styrt til beste for kommunen og innbyggjarane. Å ha tilstrekkeleg med midlar til eigenfinansiering av investeringar er nødvendig, slik at ein kan sikra at det er høve til å få på plass nødvendig infrastruktur mv som ofte vil ha høg kostnad i høve til talet på brukarar/innbyggjarar.

#### **4.0 Merknader til budsjettet for 2019**

Budsjettvedtaket for 2019 tek utgangspunkt i driftsnivået som har vore i 2018 og inkluderer nødvendige justeringar for å tilpasse driftsnivået til inntekta.

I arbeidet med budsjettet har rådmannen lagt opp til ein grundig gjennomgang frå dei budsjettansvarlege innan ulike einingar. Dette inkluderer eit auka fokus på tiltak og endringar knytt til behovet for å redusere utgiftsrammene.

#### **4.1.Presentasjon einingane:**

##### **4.1.1 Rådmannen/sentraladministrasjon:**

###### **Rådmannen**

Rådmannen har det overordna ansvaret for heile kommunen. Rådmannen skal syta for at sakene vert førebudd før politisk handsaming og for at politiske vedtak vert sett i verk. Sidan 1. januar 2013 har den administrative organiseringa vore ein modell med to nivå. Denne modellen har fungert godt. Leiarane for dei einskilde einingane har ansvar for sine område innan økonomi, personal og fag og rapporterer direkte til rådmannen.

Rådmannen har det overordna og samla budsjettansvaret. Det direkte og faglege ansvaret vert ivareteke av økonomisjefen. Rådmannen har direkte ansvar for dei delar av budsjettet som er meir sektorovergripande med særleg vekt på dei politiske organa, IKT, kommunekasserarfunksjon og næringsutvikling. Etter den administrative omorganiseringa er tenestene for sosial/NAV og barnevern også lagt til rådmannen.

Digitalisering er eit viktig satsingsområde for Modalen kommune m.a. for å effektivisere arbeidsprosessar og betre tenestene til innbyggjarane. For å styrkje kommunen sitt fokus på digitalisering av intern og ekstern kommunikasjon er stillinga som IKT/økonomi rådgjevar no knytt til kunde- og servicetorget, men og sett til å utføre oppgåver ved kommunekassa, som til dømes lønskjøring. Dette vil gje overlappande kunnskap til utføring av ulike oppgåver ved sjukdom og ferie. Frå og med 2019 vert kundetorget eit eige budsjettområde, med same ansvar og oppgåver som dei andre tenesteområdene. Tidlegare har kundetorget lagt under ansvar 1000 – rådmannen.

Modalen skal vera ein effektiv organisasjon som utviklar og tar i bruk innovative og digitale løysningar. Innbyggjarane i kommunen forventar digitale tenester og digital dialog med kommunen. Organisasjonen er avhengig av digitale løysingar for å kunne effektivisere arbeidsprosessar og tenesteproduksjon ytterlegare framover. Eit sterkt IKT samarbeid mellom kommunar er plattformen for vidare utvikling lokalt.

Dei tilsette i Modalen kommune utgjer den viktigaste ressursen som kommunen rår over. Ei opplæringsnemnd, der tillitsvalde er representert, styrer opplæringsmidlane som skal nyttast til utvikling og kunnskapsheving blant dei tilsette. Rådmannen og leiarane har også det

overordna ansvaret for arbeidsmiljøet og personalpolitikken som er viktig i alle organisasjonar. Omorganisering, som er gjennomført, er både med å tydeleggjere ansvaret og styrkjer personalarbeidet på einingsnivået. Midlar til kjøp av tenester frå Bedriftshelsetenesta er sett av til å gjennomføre ulike tiltak som vert planlagt for 2019. Overordna personalansvar og felles oppgåver er lagt til stillinga for assisterande rådmann.

### **IKT, økonomi og løn**

Til funksjonen har det lagt eit koordineringsansvar for kommunen sitt ansvar i høve felles IKT-drift i Nordhordland. Utifrå endra behov er arbeidsoppgåvene også endra med ansvar for planlegging/ gjennomføring av interne prosjekt, koordinering av oppgåver med innkjøp, og økonomioppgåver for kommunekasserar. Stillinga er no administrativt lagt inn under leiar for kunde- og servicetorget. Dette for betre å ivareta og samordne dei ulike oppgåver som er lagt til kundetorget som eit sentralt dokument- og servicesenter for kommunen.

Det interkommunale IKT samarbeidet i Nordhordland med Osterøy som vertskommune har gjeve gode resultat for alle kommunane. Samarbeidet har styrka tenestene og ein ser god nytte av dette samarbeidet både for utføring av tenester, innkjøp, driftstryggleik og utviklingsoppgåver.

Til vår del av IKT Nordhordland sine driftskostnader for 2019 er det sett av kr 1 450 000. I tillegg kjem kostnader for ulike lisensar og ulike prosjektkostnader.

Det er lagt inn årlege kostnader for redundans i fibernettet.

Innan IKT-budsjettet har vi no samla alle føringar av kostnader relatert til IKT (drift, investeringar, serviceavtalar og lisensar) for alle einingar og sentraladministrasjon samt kostnader til kopimaskiner og telefoni. Innan dette budsjettområdet vert også alle inntekter og kostnader til drift og vedlikehald av fibernettet ført. Dette gjev ei god styring og kontroll. Budsjettet tek omsyn til å vidareføre tilbod og kvalitetsnivå som vi har i dag slik at vi kan samhandle og vere på eit kvalitetsnivå med samarbeidande kommunar.

Stillingsressurs:        Rådmannen: 100 %. Assisterande rådmann: 100 %  
                                  Utviklingssjef: 50%(vakant 2019 grunna budsjettkutt).  
                                  Sentralbord /arkiv/ kundetorg: 260 %

### **Fellesfunksjonar:**

Lærlingeordning: Vi har ved inngangen til 2019 2 læreplassar som inngår i den kommunale tenesteproduksjonen.

Seniortiltak: Ordninga er føresett vidareført.

### **Kommunekasserar**

Oppgåvene til avdelinga omfattar rekneskapsføring og årsavslutning, remittering/rekningsbetaling, fakturering og oppfølging, løn og fråvær, budsjett og budsjettoppfølging, eigedomsskatt, samt støtte og rådgjeving for avdelingane.

Modalen kommune har i mange år hatt avtale om kjøp av økonomisjeftenester frå Osterøy kommune. I desember 2017 sa Osterøy kommune opp denne avtalen, og Modalen har no tilsett eigen økonomisjef som og har ansvar for dei andre oppgåvene som ligg til kommunekasserar/økonomikontor. Skatteoppkrevjarfunksjonen, som også omfattar kontroll, vert ivareteke etter avtale med Nordhordland Kemnerkontor som ei fellesløyising for kommunar i Nordhordland.

Stillingsressurs: Økonomisjef: 100 %

### **Samfunnstryggleik og beredskap**

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta i vare innbyggjarane sin sikkerheit og trygghet innanfor sitt geografiske område. Alle uønskte hendingar skjer i ein kommune, og kommunane utgjør det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen.

På bakgrunn av ny organisering gjennomførte kommunen ein hovudrevisjon av den overordna krise- og beredskapsplanen i 2013. Planen vart sist revidert hausten 2017, men mindre endringar i planen skjer fortløpande gjennom året og fast ved overgang til nytt kalenderår. Tenestene har også egne beredskapsplanar basert på lokale forhold.

Kommunen skal ta omsyn til tryggleik og beredskap i samband med all arealplanlegging. Det er m.a. krav om at det vert utarbeida risiko- og sårbarheitsanalyse i samband med alle nye reguleringsplanar. Forskrift om konsekvensutgreiingar omtalar i kva tilfelle det skal utarbeidast konsekvensutgreiing (KU) og kva denne skal innehalde.

I Fylkesmannen sitt tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen i 2018 vart det gitt to avvik om manglar i heilskapeleg og systematisk samfunnstryggleik- og beredskapsarbeid og øving/opplæring.

Mål og tiltak for samfunnstryggleik og beredskap i 2019 er :

- Gjennomføre ei årleg beredskapsøving for kriseleiinga
- Årleg revisjon av krise- og beredskapsplan
- Lukke avvik frå tilsyn

### **Flyktningar**

Driftsbudsjett for 2019 skal finansiere oppfølging av dei flyktningane som kom i 2016. Ein legg til grunn i budsjetteringa at utgiftene samsvarer med det ein får i tilskot frå staten til flyktningararbeidet. Det er verdt å leggje merke til at det statlege tilskotet vil bli redusert frå om lag 3 mill kr i 2018 til om lag 1,5 mill kr i 2019. Dette på grunn av at ein av flyktningefamiliane har flytta ut av kommunen samt at tilskota er høgast dei fyrste åra etter at flyktningane er busett, for så gradvis å synke i løpet av dei 5 åra ein tilsaman får statleg støtte.

Ordinære tenester innan helse, barnehage og skule skal ivareta også desse nye innbyggjarane innan einingane sine driftsbudsjett. Ved særskilte behov kan tilskotsmidlar verte overført til einingane. Det statlege tilskotet fordeler seg over 5 år frå og med busetjingsåret. Tilskotet skal, i tillegg til å dekke kommunen sine kostnader med busetjinga, sikre inntektsgrunnlaget til flyktningane dei 2 fyrste åra. Me lager prosjektrekneskap på dei tenesteområda som er knytt til flyktningararbeidet for å kunne få eit heilskapleg bilete av inntekter og utgifter over fleire år.

## **Mo sokn**

Tilskotet til Mo sokn (kyrkja) inngår i ansvar 1000 rådmannen. For 2019 er det søkt om kr 1 114 500 i tilskot til drift. Dette er ca 3% auke i høve 2018. Mo sokn har ulike aktivitetar for alle aldersgrupper i kommunen, og mykje av arbeidet dei gjer er basert på frivillige. Auken i budsjettet til Mo sokn utgjer ein større vekst enn kva ein finn rom for i dei kommunale einingane. Rådmannen meiner at Mo sokn har lagt fram eit nøkternt budsjett, men med bakgrunn i den økonomisk krevjande stoda for kommunen, har rådmannen i sitt framlegg til budsjett for 2019 føreslege å gje Mo sokn 1 082 000 kr i tilskot til drifta. Dette tilsvarer tilskotet dei fekk i 2018, og er om lag 35 000 kr mindre enn dei har søkt om. Kommunen skal også betale tilskot til andre trusamfunn. Desse tilskota er basert på tal frå sentrale statistikkar, og utgjer i sum eit mindre beløp.

## **Politisk**

Godtgjering til ordføraren og alle folkevalde vert belasta ansvar 1000 Rådmannen. Budsjettet er justert i samsvar med gjeldande reglement. Dette gjeld òg kostnader til frikjøp og refusjon av tapt arbeidsforteneste for folkevalde. Tilskot til fordeling mellom politiske parti er avsett med kr 10 000 då det synes ikkje å vere stor trong til politisk arbeid utover frikjøpsordningar og godtgjerdse etter revidert reglement.

### ***Rådmannen - Mål for 2019:***

- Lukke avvik frå tilsyn om samfunnstryggleik og beredskap
- Gjennomføre ei tett oppfølging av og samordne tilrettelegginga for dei flyktningane kommunen har teke imot i 2016. Slik det ser ut no vert ikkje kommunen bedd om å ta i mot flyktningar i 2019.
- Gjennomføre felles samarbeidsprosjekt gjennom IKT-Nordhordland for digitalisering av intern og ekstern kommunikasjon frå/til kommunen. Halde fram utviklinga av kundetorget til eit dokument- og servicesenter for alle einingar i kommunen.
- Gjennomføre felles prosjekt med dei andre randkommunane og nye Alver kommune for å greie ut moglege samarbeidsområde innafor tenesteutviklinga til kommunane.

### **4.1.2 Kultur**

#### **Stillingsressursar**

Kulturavdelinga hadde fram til 30.11.17 kultur-og utviklingssjef i 100% stilling. Deretter vart kultursjefstillinga satt vakant fram til 01.08.18 etter at vedkommande som hadde stillinga gjekk over i stilling som ass. rådmann.

Biblioteksjef Inga J.Nåmdal gjekk av med pensjon sommaren 2017. I september vart det tilsett ny leiar for biblioteket, med leiaransvar for heile Bryggjeslottet.

I tillegg overtok førre driftsleiar vaktmeisteransvaret for bygget. Då han slutta i juli 2018 overtok teknisk etat vaktmesteransvaret for Bryggjeslottet.

Mange unge i Modalen har ekstravaktansvar for Bryggjeslottet i helgar, feriar og tidvis på kveldstid.

Stillinga som kultur-og utviklingssjef har i delar av 2018 stått vakant. Utviklingsdelen har vore ivaretatt av rådmann og assisterande rådmann. Det vert i desse dagar arbeid for å sikre ivaretaking av kulturområdet framover. Det vert ikkje tilsett ny kultursjef, men heile kultureininga vert lagt inn under kundetorget med tilsetjing av rådgjevar. Rådgjevar får fleire ansvarsområde utover kultur.

I mars 2017 vart det tilsett miljøarbeidar i 20% stilling med ansvar for fritidsklubb for barn og unge frå 5.-10.klasse. Denne ordninga vil bli forsøkt vidareført i 2019. Stillingsinnhavaren

har sagt opp stillinga si med verknad 01.01.19. Det vil bli arbeidd for å tilsette ny miljøarbeidar som kan ivareta fritidsklubben.

### **Oppgåver og arrangement**

Kulturavdelinga har eit overordna ansvar for kultur-, idretts og aktivitetstliv i kommunen, og er ein pådrivar på somme område og ein tilretteleggjar på andre. Pådrivarrolla inneber å invitere til / etablere samarbeid, utvikle arrangement og leggje til rette for at andre kan skape. Avdelinga syt for tildeling av kulturmidlar og kulturminnevernstønad, samt samarbeid med skulen om *den kulturelle skulesekken* og Modalstunet om *den kulturelle spaserstokken*. I tillegg legg me til rette for arrangement som t.d. barna sin dag, julemarknad, modalsdagane, bygdekino og konsertar.

Me søkjer å vere eit kontaktpunkt for folk utanfrå som ynsker informasjon om Modalen. Det er mange som nyttar turstiane våre, og eininga bidrar til å fremme turisme med utgangspunkt i det kulturelle perspektivet.

I 2017 vart det i samarbeid med Nese Media utvikla ein pilotfilm for å marknadsføre «Slottet» i regionen og ut i verda. Det er pr. no ytterligere profileringsfilmar som skal bidra til at publikum frå fjern og nær skal få eit raskt innblikk i kva kommunen kan by på.

### **Satsing/prioriteringar 2018**

Satsinga på kultur, idrett, friluftaktivitet og folkehelse i Modalen skal inn i ein eigen plan. Arbeidet vart påbegynt i 2017, men har blitt flytta noko fram i tid sidan det har vore uavklart med omsyn til tilsette i kultureininga. Kulturplanen vert difor prioritert i 2018-2019. Det handlar om å drøfte retning, behov og prioriteringar, for å skaffe eit arbeidsmandat for åra som kjem.

Prioriteringar vektast mest i retning barn og unge. Dette skjer i stor grad i samarbeid med lag og organisasjonar. Slik når me ut til mange, samstundes som me byggjer opp under det gode arbeidet som alt blir gjort av frivillige krefter.

På arrangementssida er modalsdagane det største løftet for avdelinga. Me ynskjer å vidareutvikle arrangementet, og samarbeide med fleire aktørar for å finne den gode vegen i åra som kjem. Første økt var å få ei evaluering i formannskapet i etterkant av 2017-arrangementet. Denne har gjeve oss ein retning vidare. I 2018 har me sendt invitasjon til iModalen AS om mogleg samarbeid.

### **Bryggjeslottet**

Bryggjeslottet skal vere ein tilgjengeleg aktivitetsarena for lag og organisasjonar gjennom heile året. Her vert større fellesarrangement som kino, konsertar og t.d. julemarknad haldne. Byggjet har ein viktig folkehelsefunksjon for innbyggjarene i Modalen gjennom eit lågterskeltilbod om fysisk aktivitet i gymsal, symjebasseng og treningsrom (samt intellektuell/åndeleg aktivitet i biblioteket!). I tillegg er huset ein sosial møteplass for folk i ulike aldrar.

Det er bruk for å sjå på nye/fleire område for aktivitet for m.a. å kunne oppretthalde inntektsnivået framover.

### **Biblioteket**

Me vil sjå på moglege nye vegar å gå for biblioteket vårt. Sektoren er i endring; tradisjonelt bokutlån aleine er ikkje lenger den einaste «foten» biblioteket skal stå på, det skal også fylle andre funksjonar. Biblioteka i Noreg er i ferd med å innta ein meir aktiv formidlarrolle enn tidlegare. Det har til dømes blitt langt meir vanleg å ha ulike typar kulturarrangement

(Nasjonalbiblioteket tildelte i 2017 Modalen folkebibliotek arenavviklingsmidlar som vart brukt til lydutsyr). Spørsmåla me jobbar med er av typen: Korleis skal biblioteket utføre samfunnsoppdraget sitt i ei endringstid? Kva slags digitale tenester bør/skal me tilby? Me ynskjer å ruste og tilrettelegge biblioteket for å gje folk eit best mogleg tilbod. Lokala våre i Bryggjeslottet skal vere ein lågterskel møteplass for alle som vil kome. Det er difor vesentleg å sjå på kva mogleigheiter som finns for å tilrettelegge betre for brukarane, både barna og dei vaksne. Å utvide opingstida -og tilby eit såkalla «meiroke» (tidvis ubetjent) bibliotek - kan vere eit av tiltaka.

### **Evaluering mål 2018**

1. Starte opp arbeidet med ein kulturplan (som inkluderer friluft-, idrett- og folkehelseperspektiv).

*Evakuering:*

*Målsettinga er oppnådd. Det vart i formannskapet 06.03.18 gjort vedtak om oppstart av planen.*

2. Greie ut vidare utviklingsretning for biblioteket.

*Evaluering:*

*Målsettinga er ikkje oppnådd. Målet vert vidareført til 2019.*

3. Etablere kulturkalender for Modalen i samarbeid med aktuelle aktørar for å sørge for jamnleg oversikt over kulturelle aktivitetar i kommunen.

*Evaluering:*

*Målsettinga er oppnådd. Kulturkalender er etablert.*

### **Mål 2019:**

1. Greie ut vidare utviklingsretning for biblioteket.
2. Presentere ferdigstilt kulturplan.
3. Utarbeide årshjul for kulturområdet.

#### **4.1.3 Sosial og barnevern:**

Tenestene NAV sosial, edruskap og barnevern er organisatorisk lagt direkte under rådmann/sentraladministrasjonen.

#### **Barnevern**

Me har for tida ein avtale med Vaksdal kommune om at dei skal ivareta vårt barnevern. Dette inneber at barnevernsleiar i Vaksdal kommune også er barnevernsleiar i Modalen kommune. Avtalen vart reforhandla og godkjent av kommunestyret i 2012, og varer ut 2017. Avtalen vert automatisk framskriven for 1 år om gongen dersom ingen av kommunane seier opp samarbeidet. Det har vore samtaler mellom kommunane om forlenging av avtalen seinast hausten 2016, men ny avtale er ikkje skriven. Talet saker har variert mellom 3-5 dei siste åra.

#### **Sals- og skjenkeløyve**

*Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2013 - 2017* vart vedteken i 2013. Kommunen har inngått avtale med privat skjenkekontrollør for tilsyn og kontroll av sals- og skjenkestadene. Avtalen med denne vart reforhandla i 2018, inkl. justering av sum som skal betalast for tenesta.



Me har i dag 2 butikkutsal og 1 skjenkestad for alkoholhaldig drikke i kommunen. Skjenkestaden er under endring då ny drivar er på veg inn. I tillegg har Bryggjeslottet løyve til å skjenka slutta lag. Rådmannen har delegert fullmakt til å tildele ambulerande løyve og einskildløyve. Noverande sals- og skjenkeløyve varer ut juni 2020.

### **Edruskapsvern:**

Kommunen skal i medhald av sosialtenestelova rettleia og iverksetja hjelpetiltak overfor den enkelte til å koma bort frå misbruk av rusmiddel. Det er begrensa etterspurnad etter slik hjelp, og talet på saker har lagt mellom 0-1 pr år. I saker som omhandlar edruskapsvern samarbeider NAV med psykisk helseteneste.

### **NAV / Sosial:**

Modalen kommune har i dag eit samarbeid med NAV Masfjorden om drift av NAV-kontoret i Modalen. På statleg NAV er leiar for NAV Masfjorden leiar, på MAV Modalen er ass. rådmann leiar.

Kontoret er ope torsdagar. Det er sakshandsamar ved kontoret ca. 2 dagar pr. veke. Økonomisk sosialhjelp inngår som ein del av tenestetilbodet. Talet brukarar som treng økonomisk hjelp har auka, og utgiftene til økonomisk sosialhjelp er og aukande. Årsaka ligg m.a. i at det i dag er fleire brukarar som er avhengige av sosialhjelp over tid.

Stillingsressurs: 60 % (40 % statleg, 20 % kommunal)

Kommunestyret i Modalen gjorde 20.09.18 vedtak om at NAV Modalen (kommunalt NAV) går inn i felles NAV saman med Gulen kommune og Masfjorden kommune. Etter planen skal dette skje frå 01.01.19. Det er p.d.d. aktuelt at også Fedje kommune og Austrheim kommune vert ein del av felles NAV-kontor.

Masfjorden kommune vert vertskommune. Modalen kommune må framleis ha budsjettmidlar som føl dei vedtaka som vert fatta av felles NAV-kontor.

### **Mål 2018 - Evaluering:**

1. Rullere ruspolitisk handlingsplan  
*Evaluering: Dette er ikkje gjennomført. Aktuelle skjenkeløyve omtala i handlingsplanen er ivaretekne gjennom tilleggsvedtak i kommunestyret.*
2. Redusere talet langtidsmottakarar av sosialhjelp  
*Evaluering: Målet er ikkje oppnådd. Foreløpig oversikt/analyse tilseier eit samansatt bilete.*
3. Avklare barnevernsamarbeid frå 2018  
*Evaluering: Rådmannen har hatt samtalar med Vaksdal kommune om vidareføring av samarbeidet. Ny revidert avtale føreligg p.d.d. ikkje.*

### **Mål 2019**

1. Rullere ruspolitisk handlingsplan
2. Avklare barnevernsamarbeid/avtale med Vaksdal kommune.

3. Sikre god overgang inn i felles NAV kontor.

#### 4.1.4 Næring:

Ass. rådmann har hatt næringsutvikling som ansvarsområde for 2018. Dette har gått føre seg i form av oppfølging av strategisk næringsplan, handsaming av saker til næringsfondet og rådgjeving/kontakt med ulike næringsaktørar.

Næringsutviklinga lokalt skjer m.a. i samarbeid med lokale og regionale aktørar. Modalen kommune tek del i Osterfjorden nærings samarbeid, Team Nordhordland og ulike samlingar i regi av Hordaland fylkeskommune. Ass. rådmann er kommunen sin kontakt som kommunal næringsrådgjevar for eksterne (jfr. [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no)).

Modalen kommune har gjennom næringsfondet bidrege til etablering av reiselivsdestinasjonsselskapet iModalen AS. Dette er eit 3-åring prosjekt som skal søkje å satse på reiselivsutvikling.

For å få i stand næringsutvikling treng me å leggje til rette for initiativ og aktivitet i regi av, og for innbyggjarane. I tillegg må me rette blikket mot det som skjer rundt oss for å undersøke kva moglegheter som finns. Ved å ha ein næringsplan som alle kan leggje til grunn vert retningar og prioriteringar tydelege. Næringsfondsvedtektene er eit av verktøya som skal gjere det mogleg å gjennomføre intensjonane i planen.

I 2018 har følgjande fått innvilga stønad frå næringsfondet:

- iModalen AS: Etablering av destinasjonsselskap, kr. 576 250,- i tilskot over 3 år.
- Oddbjørn Trohaug: Etablering av tilslagslaboratorium, kr. 204 072,- i lån og kr. 204 072,- i tilskot.
- Kristin Nåmdal og Sigrun Dale: Etablering av minibakeri, kr. 208 125,- i lån og kr. 208 125,- i tilskot.
- Jan R. Myking: kartleggje grunnlag for båtrute i Osterfjorden, kr. 20 000,- i tilskot.
- Jan R. Myking; kartleggje grunnlag for fjordcruise i Osterfjorden, kr. 10 000,- i tilskot.
- Fortum/Modalen kommune: hurtigladepunkt på Mo, kr. 240 000,- i tilskot.
- Einar Sofienlund: Nøttveit næringsbygg, kr. 460 000,- i tilskot.
- Alexandra Mink: Forprosjekt Runnings Minks, kr. 18 000,- i tilskot.

Nærings satsinga i kommunen omfattar samarbeid med landbrukssjef. Dette er naturleg i ein kommune med tunge tradisjonar innanfor sektoren. Samarbeidet er tydelggjort m.a. i næringsplanen, og at særordningar for landbruket innanfor næringsfondet er vidareført.

Det er sett av midlar til bustadtilskot (finansiert av næringsfondet) basert på normal aktivitet i 2018.

#### Mål 2019

Administrasjonen vil hausten 2018 og gjennom 2019 søkje å initiere og etablere eit bredt forankra utviklingsprosjekt med føremål å sikre verdiskaping gjennom etablering av arbeidsplassar i eit 10 – 20 års perspektiv. Dette er i tråd med kommuneplanen og strategisk næringsplan.

#### 4.1.5 Skule

Rektor ved Mo skule er ansvarleg for dette rammeområdet. Ansvarsområdet omfattar grunnskulen, skulefritidsordninga, vaksenopplæring på grunnskulenivå og kulturskulen. I tillegg har rektor det kommunale skuleansvaret som ein del av stillinga.

##### Grunnskulen

Alle elevar frå Eidslandet i Vaksdal kommune går framleis på Mo skule. Avtalen gjeld for eit år om gongen fram til den vert sagt opp av ein av partane. Frå januar 2018 betaler Vaksdal kommune kr 95.600,- pr elevplass pr. år. Dette er i tråd med satsar for gjesteelevar i Hordaland fylke.

Elevtal	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
	57	66	74(19)	71(16)	74(17)	72(17)	79(16)	77(15)	86(20)	81(19)	70(9)	65(5)

(Tala i parentes viser elevtalet frå andre kommunar som inngår i det samla elevtalet.)

**Kulturskulen:** Kulturskulen i Modalen er lokalisert til Mo skule. Kulturskulen gjev tilbod i musikkopplæring innan song, piano og gitar. I tillegg vert det arrangert kortare kurs innan andre kultur/uttrykksformer. Hausten 2018 er det 14 elevar som mottok tilbod i kulturskulen.

**SFO** er organisert med opning før og etter ordinær skuletid som tidlegare. Elevar i 1.-4.klasse har SFO inne i skuletida dei dagane dei har korte undervisningsdagar. Dette tilbodet vert gjeve utan foreldrebetaling, då det ikkje er sett opp skuleskyss etter undervisningsslutt for desse elevane.

Born i SFO:	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
	16	11	23	25	32	28	28	31	37	32	26	17

##### Vaksenopplæring

Modalen kommune kjøper teneste frå nabokommunane Masfjorden og Lindås innan vaksenopplæring.

**Stillingsressurs for alle ansvarsomåde:** 16,2 årsverk (utan vaksenopplæring)

##### PPT:

Pedagogisk psykologisk teneste vert kjøpt frå Vaksdal kommune. Budsjettmessig vart dette lagt inn under Mo skule frå 2014.

##### Rektor Mo skule: Mål 2019

- Halda fram arbeidet med skulebasert kompetanseutvikling og vidareutvikla Mo skule som ein lærande organisasjon.
- Implementering av PALS

- Fokus på tidleg innsats og tilpassa opplæring.
- Førebu organisasjonen på nye/reviderte fagplanar frå 2020

#### 4.1.6 Barnehage

Modalen barnehage er ein 3-avdelingsbarnehage, med avdelingane 0-2 år, 3-4 år og 4-6 år. Styrar er ansvarleg for rammeområdet.

Staten sine tilskot til drift av barnehagen inngår i rammetilskotet ut frå talet born i alderen 0-6 år busett i Modalen kommune. Born busett i andre kommunar kan nytta plass i barnehagen, så lenge det er avtale med bustadkommunen om finansiering av plassen. For refusjon av barnehageplassane nyttar ein dei same Nasjonale satsane som ein nyttar når ein gjev tilskot til private barnehagar.

Våren 2019 vil det vere 31 born/ 40 plassar i barnehagen, der 11 av borna kjem frå andre kommunar. Bemanninga vert justert i høve barnetal og bemanningsnorm.

Bemanningsnorma i Modalen barnehage vart endra frå august 2018. Den vart endra frå 1 vaksen pr. 5 born til 1 vaksen pr. 6 barn. Endringa førte til at ein mista eit årsverk i barnehagen. denne innsparinga ligg i budsjettet for 2019. Det er det lagt inn kostnad for å erstatte planleggingstida til pedagogane med assistentar, slik at ein større delar av barnehagekvardagen kan gå med full bemanning. Slik det er no er det kun 1,5 timar ein har full bemanning saman med barna i løpet av ein barnehagekvardag.

Barnetal:	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
	28	36	36	37(7)	32(6)	34(9)	34(9)	31(8)	21(6)	21(5)	28(9)	27(12)	31(11)

(Tala i parantes viser barn frå andre kommunar som inngår i det samla barnetalet.

**Stillingsressurs:** 10,13 årsverk.

#### **Utviklingsmål for Modalen barnehage 2019**

##### **1. MÅL: Arbeide vidare med implementering av revidert Rammeplan**

- 1.august 2017 vart revidert Rammeplan gjort gjeldande. Alle nye og reviderte områder i denne planen skal arbeidast inn i barnehagen sine planar. Arbeidet er i gang.

##### **2. MÅL: Språkløyper**

- Nasjonal strategi utvikla av Lese og Skrivesenteret- har som mål å styrka alle barn sine språk-, lese- og skriveferdigheiter. Strategien er laga slik at styrarar og leiarar enkelt kan ta i bruk innhaldet, og slik driva kompetanseutvikling lokalt i barnehagen. Alle tilsett deltek. Me arbeider vidare og er no komme til del to av tre program i språkløyper.

##### **3. MÅL: Arbeide med resultatata frå brukarundersøkinga**

UDIR har utarbeida ei gratis brukarundersøking, der foreldre kan sei si mening om barnehagetilbodet, barnas trivnad og samarbeidet mellom heim og barnehage. Dette er eit ledd i kvalitetsikringa av barnehagar. I november 2018 gjennomfører me ei ny brukarundersøking, og i 2019 vil me gjennomgå resultatata av undersøkinga og laga planar for det vidare arbeidet.

#### **4.1.7 Pleie og omsorg**

Modalstunet har 16 sjukeheims plassar. I 2018 har talet stabilisert seg på 6-8 plassar inkludert korttidsplassar /avlastning og nattopphald for eigne innbyggjarar. Dette er dei normtal staten ser føre seg i høve behovet dei komande år til eldre over 80 år i Modalen. Det har i år ikkje vore inntekt på leigeplass frå andre kommunar. Slik situasjonen er i Nordhordland, vil behovet for leigeplass ikkje vere til stades i åra som kjem som inntektskjelde for kommunen. Det fører til lite inntekt utanom drifta som er på Modalstunet.

Heimeteneste vil neste åra ha ein auke i tenestetimar som vil verke inn på budsjettet, då det er ei lovpålagt teneste kommunen må yte. Behov for praktisk bistand har gått ned, tryggleiksalarmar og middagsutlevering er redusert i 2018. Desse tre tilboda vil kunne auke framover på grunn av at fleire eldre bur lenger i eigen heim før det vert søkt institusjonsplass.

Behov for psykiatritenester som pleie- og omsorg skal gje teneste til på kveld/helg og høgtid gjev utfordringar i høve bemanning.

Me ser at pasientar tidlegare vert tilbakeført til kommunen frå sjukehus etter innføring av Samhandlingsreforma. Det vert no utført meir behandling på institusjon og i heimetenesta, som tidlegare vart utført på sjukehus. Ved sjukeheims plass vil denne pasientgruppa med samansette diganosar krevje nye medikament og utstyr som er kostbare. Nye prosedyrer for å kunne gje optimal teneste til denne pasientgruppa i eigen kommune, vil føre til ny opplæring for personale. Innkjøp av utstyr for å gje den behandlinga som trengst gjev ekstra kostnader i åra som kjem.

Det vert framleis arbeidd med innføring av elektronisk meldingsutveksling mellom ulike einingar med helsestasjonen og fysioterapeuttenesta. Me ser ein auke i meldingsutveksling siste år. Kommunen har krav om sjukepleiekompetanse 24 timar i døgeret for sjukeheim/heimeteneste. Det påverkar kostnadane til drift av pleie- og omsorgstenesta i åra framover. Avtale om samarbeid i høve øyeblikkeleg hjelp- plassar er inngått med Nordhordlandskommunane.

Tilbodet til heimebuande demente er framleis i drift i 2018, der ein hjelpepleiar og ein aktivitør/miljøarbeidar er ansvarleg for tilbodet. Andre eldre i kommunen kan og delta. Tilbodet har aukande interesse, og i 2018 er det 13 eldre som tek del kvar onsdag frå kl. 07.30 – 15.00. Dei eldre vert henta med bil av personalet og får servert frukost og middag på Modalstunet, og ulike aktivitetar føregår i lokala ut over dagen. Det er eit førebyggjande folkehelsearbeid i kommunen, som me ser er viktig å vidareføre i åra som kjem.

Intensjonen er at brukarane møtes i eit sosialt fellesskap, som gjev dei livskvalitet og meistring til å bu lengst mogleg heime. Det vert erfart at det og er eldre som ikkje ynskjer å ta del i eit fellesskap gjennom tilbodet i kommunen. Dei heimebuande som ikkje ynskjer delta, vonar me å kunne gje eit tilbod i eigen heim med besøk/aktivitet. Då i samarbeid med lege og fysioterapeut i åra som kjem med oppstart i 2019. Kvardagsrehabilitering vil kunne førebyggje einsemd/depresjon hjå den eldre og auke eiga meistringsevne i daglege aktivitetar.

Me vil søkje Helsedirektoratet om tilskot også for 2019. Også tilbod om trim på Modalstunet for heimebuande eldre vert det arbeidd med i lag med fysioterapeut.

Helsedirektoratet og Direktoratet for e-helse, i samarbeid med KS, leiar eit Nasjonalt Velferdsteknologiprogram (NVP) som er innfeldt i «Morgendagens Omsorg» (St. meld nr. 29 (2012-2013)). Programmet skal sikre at velferdsteknologi blir ein integrert del av helse- og omsorgstjenestene innen 2020. Dette programmet går frå 2017 – 2020 over i ein innføringsfase for tryggleiks – og meisteingsteknologi og inviterar difor kommunar med. Me har samarbeid med 9 Nordhordlandskommunar i prosjektet. I 2019 vil me kunne implementere velferdsteknologi i tenestene til innbyggjarane i kommunen etter søknad. Det er lagt inn kostnad i budsjett for dei neste 3 åra i høve opplæring og innkjøp av utstyr.

Målet er at alle samarbeidskommunane skal vere på nasjonal standard innan velferdsteknologi i løpet av 2020, jf. målet til Helsedirektoratet. Bruk av velferdsteknologi skal vere ein del av dei heilskaplege tenestene i samarbeidskommunane sine helse- og omsorgstenester.

Pleie- og omsorg har vore til Oslo på Pasientsikkerhetskoneransen 2018 og presentert kommunen for arbeidet ein har vore med på i nettverk for leiing av pasientsikkerhet gjennom Utviklingscenter for sjukeheim og heimeteneste (Bergen kommune). Erfaringar her vert nytta i den daglege drifta med fokus på kva er viktig for deg som pasient i vår kommune.

Stillingsressurs: 16,5 årsverkk. Det vert arbeidd med ny turnus som vil føre til endringar i høve årsverk.

#### ***Pleie og omsorgsteneste: Mål 2019***

- Arbeide målretta mot reduksjon i sjukefråver.  
Frist: Kontinuerleg gjennom året.
- Vidareutvikle gode kvalitetssystem (rutiner) i ny organisasjon, gjennom auka myndiggjering av tilsette.
- Fagdager/Personalmøter med fokus på HMS arbeid i organisasjonen. Samarbeid med tilsette i plan for drift.  
Frist: Kvar 6-8 veke gjennom året.
- Implementering av velferdsteknologi. Ressurspersonar frå pleie- og omsorg er involvert i arbeidet, og vil gje tilsette god opplæring i bruk av utstyret til innbyggjarane.  
Frist: Ved implemetering og repetering jamleg i åra som kjem. Og ved implementering av nytt utstyr.

#### **4.1.8 Kommuneoverlege**

Kommuneoverlegen har ansvaret for helsetenestene i kommunen. Dette omfattar legetenesta, helsesøstertenesta, fysioterapitenesta og psykisk helseteneste. Kommunelegen har også ansvar for smittevern, miljøretta helsevern og er kommunen sin medisinsk faglege rådgjevar.

Kommuneoverlegen har i 2018 gått i 80% stilling. Frå 1.september 2017 har kommunen inngått samarbeid med Masfjorden kommune om å dele på ein ALIS-stilling (allmennlege i spesialisering). Modalen dekkjer 20% av denne stillinga. Dette gir oss fleksibilitet mtp legehjelp i kommunen når kommuneoverlege er borte på kurs, ferie, etc. Det vil då også gi auka inntekter.

Psykisk helseteneste har i tillegg til ansvar for å yte tenester for menneske med psykiske problem og lidingar også ansvar for tenester til menneske med diagnosen psykisk utviklingshemming. Som ein del av rammetilskotet til kommunen, mottek kommunen eit tilskot pr utviklingshemma innbyggjar. Me har to psykiatriske sjukepleiarar i kommunen, der begge er 100%. I eine stillinga har det vore person ute i 30% permisjon heile 2018. Kommunen har kjøpt tenester med 10 % psykologstilling frå aug 2015. Dette er eit samarbeid med Masfjorden kommune og Gulen kommune, denne psykologen sa opp stillinga våren 2018, og det har ikkje vorte tilsett ny grunna manglande søkjarar til stillinga. Det blir arbeid for å få på plass ny felles psykolog med Masfjorden og Gulen.

Me har 50% helsesøster stilling i kommunen, og denne stillinga vart ledig frå våren 2016. Det har vore fleire vikarar inne i stillinga. Frå 1.okt 2016 har vi fått avtale med Masfjorden kommune om kjøp av helsesøster-tenester i 30%. For å kompensere for redusert kapasitet i helsesøstertenesta, har psykisk helseteneste auka innsatsen mot skule-elevar.

#### ***Kommunelege: Mål 2019***

- Halde på gode samarbeidsrutiner ved helsesenteret med månadlege personalmøter og ei personalsamling i året.
- Halde halvårleg øving i hjerte-lunge-redning for alle ved helsesenteret.
- Ha spesielt fokus på unge personar i kommunen som ikkje er i arbeid/utdanning.

#### **4.1.9 Teknisk etat:**

Ansvarsområdet omfattar kommunale bygg (nybygg, drift, vedlikehald). Vedlikehald av anlegg og område. Planarbeid, kart og oppmåling, byggjesaker, vatn, avlaup, vegar, og landbruk/skogbruk.

Modalen kommune tilbyr all skuleungdom mellom 16 og 23 år sommarjobb. Dei som deltek på teknisk vert i hovudsak handtert av uteseksjonen ved teknisk etat.

Modalen kommune har ein stor bygningsmasse og mange utomhusanlegg. Desse anlegga vil også i åra som kjem ha trong for vedlikehald. For å hindre forfall er det naudsynt med eit kontinuerleg vedlikehald. Dette vil i tillegg til bruk av eigne ressursar også krevje inn leige av eksterne firma.

Innan teknisk sektor er det endringar innan plan og bygningslova, lov om eigedomsregistrering (matrikkellova), adresseregister og tekniske forskrifter. Modalen kommune har fokus på teoretisk og praktisk opplæring innan dette området.

#### **Uteseksjonen:**

Har ansvar for vaktmestertenesta og vaktordninga i kommunen.

Teknisk etat har ei vaktordning som vert utført av 4 personer med vakt kvar ferde veke. Det er etablert vakttelefon der den som har vakt skal rykkje ut ved feil på teknisk anlegg i kommunen.

Tilsette på teknisk etat: 8 tilsette på reinhald ,6 tilsette på uteseksjonen, 2 tilsette på landbruk/skogbruk og 2 tilsette i administrasjonen.

**Stillingsressurs:** 11,9 årsverk

### **Brannvern**

Modalen kommune har inngått samarbeid med kommunane Lindås og Meland brannvern frå 01.05.2017.

Brannordninga er organisert som vertskommunesamarbeid utan nemnd etter Kommunelova § 28b, der Lindås er vertskommune.

### **Reinhaldstenesta**

Har ansvar for dageleg vask og nedvask av dei kommunale bygga i kommunen.

### **Landbruk**

I 2010 blei det etablert ein avtale for kjøp av tenester frå landbrukskontoret i Meland kommune. Rådgjeving og forvaltningsoppgåver innan landbruket vert ivareteke gjennom denne avtalen. Meland har også ansvaret for viltforvaltninga, men i samband med Bestandsplanprosjektet for hjort 2013-2017 har ein vertskommune samarbeid med Vaksdal kommune. Modalen kommune har framleis ansvar for fallvilt (påkjørt/skada vilt).

Tal frå nytt arealbarometer i 2017 syner at i Modalen kommune er det 2 642 dekar med jordbruksareal. Dette tilsvara eit areal på om lag 370 fotballbanar og utgjer 1 prosent av landarealet i kommunen. Nær 75 % av jordbruksarealet vert brukt til grovforproduksjon. NIBIO har i samarbeid med kommunen retta og oppdatert gardskart for alle landbrukseigedommane i kommunen sommaren 2017. Produksjonstilskotsordninga for bønder har hatt ei stor omlegging med endra søknadstidspunkt og nye datasystem. Omlegginga har gått relativt bra.

Avtalen med Meland har fungert godt og vil verte vidareført.

Modalen kommune vil halde fram med landbruksvikar i 51% stilling gjennom avtale med Landbrukstenester i Hordaland.

### **Flomforebygging på Mo**

Mudring av sandbanke ved utløpet til Mofjorden krev løyve frå Fylkesmannen i Hordaland. Truleg vert mudring gjennomført etappevis over ein periode på fleire år, for å kunne tilpassa gjennomføringa best mogleg til anna aktivitet/bruk gjennom året.

### **Kalkingsanlegg**



Kalkingsanlegget på Espeneset som starta opp i 2016, ligg under teknisk sjef sitt budsjett. Både drift av anlegget og investeringane er fullfinansiert med midlar frå staten og eventuelt ved ein mindre bruk av fondsmidlar til fiske og vilt som BKK årleg betalar. Kommunen står som eigar av anlegget og har ansvar for drifta etter særskilt avtale med staten.

#### **Teknisk etat - Mål for 2019:**

- Halde fram med nytt «Nærings – og tenestesenter på Mo».
- Halde fram med oppgradering av Brannstasjonen på Mo.
- Oppstart av ny vatn- og avlaupsplan

### **4.2. Tabellar og oversyn:**

#### **Små investeringar og tiltak som vert ført i driftsbudsjettet**

Beløpsgrensa og reglane knytt til kva utgifter som kan førast i investeringsbudsjettet medfører behov for å ha driftsmidlar tilgjengeleg til slikt føremål. "Investeringar" der investeringsobjektet har ein verdi/kostnad under kr 100 000 skal ikkje førast i investeringsbudsjettet, men i driftsbudsjettet/-rekneskapen. Det same gjeld for utgifter til tiltak/prosjekt som ikkje vert vurdert å vere av «investeringsmessig karakter». Det gjeld til dømes vedlikehaldsutgift og reparasjonar.

Grunna redusert inntekt og strammare rammer, vidareførast praksisen der behov for småinvesteringar må prioriterast innanfor dei ordinære rammeløyvingane til dei ulike tenesteområda.

Følgjande prosjekt er likevel teke inn som småinvesteringar med eiga løyving 2019:

VA-Vatn- og avlaupsplan	kr 450 000
Utstyr/maskiner reinhald	kr 120 000
<b>Sum småinvesteringar</b>	<b>kr 570 000</b>

#### **Budsjettskjema 1A/1B**

Tabellen er ein obligatorisk oppstilling i budsjettvedtaket for driftsbudsjettet og syner budsjett med sentralt førte inntektspostar, finanspostar, samt fondsbruk og avsetjing til fond (1A), og løyvingane til rammeområda (1B). Sjå tabell 4.2.4 for inntekts- og utgiftsoversyn samla for kommunen.

Skjema 1A og 1B er noko omarbeidd i høve til tidlegare år. Det medfører at Rekneskap 2017 og Budsjett 2018 òg er endra i høve til tidlegare for å få samanliknbare kolonner.

Tabellen er halde i faste 2019-kr. I dei 3 siste åra i planperioden 2020-2022 er det lagt til grunn same realnivå for skatt og rammetilskot som i 2019. Budsjettinnstillinga for 2019 gjev eit netto driftsresultat på kr 2,27 millionar. Merk at mykje av dette kjem frå inntekt som setjast av til næringsfondet, samt premieavviksinntekt. Korrigert netto driftsresultat vert om lag kr 0,56 millionar. Det er då korrigert for premieavviksinntekt samt netto avsetjing til/bruk av bundne fond.

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
<b>Budsjettskjema 1A:</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Skatt på inntekt og formue	8 846 181	10 400 000	9 200 000	9 200 000	9 200 000	9 200 000
Ordinært rammetilskudd	20 166 923	20 300 000	21 800 000	21 800 000	21 800 000	21 800 000
Skatt på eiendom	19 410 080	16 070 000	17 526 000	20 397 073	20 914 218	22 282 671
Andre direkte eller indirekte skatter	20 270 331	19 800 000	20 700 000	20 700 000	20 700 000	20 700 000
Andre generelle statsstilskudd	2 999 815	3 150 000	1 650 000	1 150 000	650 000	150 000
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>71 693 330</b>	<b>69 720 000</b>	<b>70 876 000</b>	<b>73 247 073</b>	<b>73 264 218</b>	<b>74 132 671</b>
Renteinntekter og utbytte	467 818	396 300	246 300	175 000	150 000	146 341
Gevinst finansielle instr	32 562	100 000	200 000	175 000	150 000	146 341
Renteutgift, provisjonar, andre fin.utg.	360 887	452 500	420 000	829 268	985 128	914 789
Avdrag på lån	1 501 640	1 000 000	1 000 000	1 170 732	1 476 009	1 370 621
<b>Netto finansinntekt/-utgift</b>	<b>-1 362 146</b>	<b>-956 200</b>	<b>-973 700</b>	<b>-1 650 000</b>	<b>-2 161 137</b>	<b>-1 992 727</b>
Til ubundne avsetninger	4 443 271	451 500	320 000	2 400 000	1 400 000	2 150 000
Til næringsfondet	5 140 341	6 252 400	6 257 100	6 257 100	6 257 100	6 257 100
Til amortiseringsfond premieavvik					0	
Til bundne avs	6 857 161	634 500	619 800	600 000	600 000	600 000
Bruk av tidligere års mindreforbruk	2 893 271			0	0	
Bruk av ubundne avs	1 200 000		570 000	0	0	0
Bruk av næringsfondet	350 000	2 680 663	3 430 000	3 430 000	3 430 000	3 430 000
Bruk av bundne avs	1 863 316	1 798 500	926 600	926 600	926 600	926 600
<b>Netto avsetninger</b>	<b>-10 134 186</b>	<b>-2 859 237</b>	<b>-2 270 300</b>	<b>-4 900 500</b>	<b>-3 900 500</b>	<b>-4 650 500</b>
Overført til investeringsregnskapet				0	0	1
<b>Til fordeling drift</b>	<b>60 196 998</b>	<b>65 904 563</b>	<b>67 632 000</b>	<b>66 696 573</b>	<b>67 202 581</b>	<b>67 489 444</b>
<b>Sum fordelt til drift (fra 1B)</b>	<b>60 021 529</b>	<b>65 904 563</b>	<b>67 632 000</b>	<b>66 696 573</b>	<b>67 202 581</b>	<b>67 489 444</b>
Reknesk meir-/mindreforbruk	175 469	0	0	0	0	0

Løyvingane til rammeområda for åra 2020-2022 er i tabellen halde på same nivå. Frå 2019 til 2020 er samla rammer redusert noko. Størst reduksjon knyt seg til Pleie og omsorg. Det vert såleis lagt til grunn og innarbeidd i rammene at nettoutgift til rammeområdet må reduserast. Kva tiltak som skal iverksetjast for å drive i tråd med desse rammene er ikkje konkretisert i denne planen. Tala er i faste 2019-kr i alle år.

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Økonomiplan	Økonomiplan	Økonomiplan
<b>Budsjettskjema 1B:</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Rådmann/sentraladm	15 558 529	15 190 800	14 641 782	14 500 000	14 500 000	14 500 000
Næring	662 244	1 794 563	2 536 683	2 536 683	2 536 683	2 536 683
Kultur	2 762 191	2 749 900	1 970 509	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Sosial og barnevern	1 029 360	1 033 000	1 173 000	1 100 000	1 100 000	1 100 000
Skule	10 264 652	11 076 700	11 286 018	11 300 000	11 300 000	11 300 000
Barnehage	4 226 881	4 580 000	4 913 192	4 900 000	4 900 000	4 900 000
Pleie og omsorg	15 236 488	15 854 700	15 929 566	15 300 000	15 300 000	15 300 000
Kommunelege	4 797 167	4 935 500	5 200 565	5 200 000	5 200 000	5 200 000
Teknisk etat	7 846 400	13 209 400	14 093 111	14 000 000	14 000 000	14 000 000
Småinvesteringar		0	570 000	0	0	0
Sentrale postar	-2 362 383	-4 520 000	-4 682 426	-4 140 110	-3 634 102	-3 347 239
	<b>60 021 529</b>	<b>65 904 563</b>	<b>67 632 000</b>	<b>66 696 573</b>	<b>67 202 581</b>	<b>67 489 444</b>

#### Spesifikasjon sentrale postar i skjema 1B:

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Økonomiplan	Økonomiplan	Økonomiplan
	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Premieavvik	260 002	-1 898 000	-2 018 809	-1 500 000	-1 000 000	-750 000
Mva-kompensasjon	-3 016 802	-2 740 300	-2 781 917	-2 758 410	-2 752 402	-2 715 539
Anna	394 417	118 300	118 300	118 300	118 300	118 300
<b>Sum</b>	<b>-2 362 383</b>	<b>-4 520 000</b>	<b>-4 682 426</b>	<b>-4 140 110</b>	<b>-3 634 102</b>	<b>-3 347 239</b>

## Økonomisk oversikt drift

Økonomisk oversikt drift viser grupperte inntekts- og utgiftspostar for heile kommunen samla. I oversikten finn ein m.a. netto driftsresultat som er det viktigaste resultatomgrepet for å vurdera resultat og budsjettert resultat i ein kommune, og som syner resultatet av dei løpande inntektene og utgiftene.

Det er for 2019 budsjettert med eit **netto driftsresultat på kr 2,27 millionar** som er 2,6 % av driftsinntektene.

Økonomisituasjonen for kommunen har stramma seg til dei seinare åra, med stor reduksjon i eigedomsskatteinntektene. Nedgangen har no snudd og budsjettet er stramt, men vert lagt fram med eit positivt netto driftsresultat. Netto avsetjing til næringsfondet er om lag kr 2,8 millionar. Næringsfondet er definert som disposisjonsfond, men har likevel avgrensingar på bruken.

### **Korrigert netto driftsresultat:**

Det må peikast på at netto driftsresultat er finansiert med kr 2,0 millionar i premieavvik frå pensjon. Premieavviksinntekt skal amortiserast/utgiftsførst fordelt over 7 år, og gjev såleis høgare utgift seinare år. Dersom ein korrigerer/justerer netto driftsresultat for premieavviksføringa, samt netto bruk av bundne fond, får ein eit **korrigert netto driftsresultat** for 2019 på kr 0,56 millionar, som berre utgjer om lag 0,6 % av driftsinntekta.

### **Økonomisk oversikt drift 2017 – 2019:**

	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>
	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
<b>Driftsinntekter</b>			
Brukerbetalinger	2 510 851	2 526 500	2 132 300
Andre salgs- og leieinntekter	4 420 604	4 397 300	4 429 500
Overføringer med krav til motytelse	20 479 805	12 220 200	10 629 717
Rammetilskudd	20 166 923	20 300 000	21 800 000
Andre statlige overføringer	2 999 815	2 315 000	1 650 000
Andre overføringer	458 919	297 900	295 400
Skatt på inntekt og formue	8 846 181	10 400 000	9 200 000
Eiendomsskatt	19 410 080	16 070 000	17 526 000
Andre direkte og indirekte skatter	20 270 331	19 800 000	20 700 000
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>99 563 509</b>	<b>88 326 900</b>	<b>88 362 917</b>

	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>
	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
<b>Driftsutgifter</b>			
Lønnsutgifter	44 765 295	41 673 293	41 645 454
Sosiale utgifter	11 135 478	10 659 268	10 798 437
Kjøp av varer og tj som inngår i tj. produksjon	19 801 116	16 434 257	14 978 355
Kjøp av tjenester som erstatter tj. produksjon	6 000 857	9 541 300	10 750 820
Overføringer	6 747 823	7 623 626	7 049 851
Avskrivninger	7 180 109	6 625 600	6 625 600
Fordelte utgifter	-15 000	-641 281	-404 000
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>95 615 678</b>	<b>91 916 063</b>	<b>91 444 517</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>3 947 831</b>	<b>-3 589 163</b>	<b>-3 081 600</b>

	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>
	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
<b>Finansinntekter</b>			
Renteinntekter og utbytte	467 818	396 300	246 300
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	32 562	100 000	200 000
Mottatte avdrag på utlån	598 866	1 249 000	570 000
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>1 099 246</b>	<b>1 745 300</b>	<b>1 016 300</b>
<b>Finansutgifter</b>			
Renteutgifter og låneomkostninger	360 887	452 500	420 000
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0
Avdrag på lån	1 501 640	1 000 000	1 000 000
Utlån	55 000	470 000	870 000
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>1 917 527</b>	<b>1 922 500</b>	<b>2 290 000</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>-818 281</b>	<b>-177 200</b>	<b>-1 273 700</b>
Motpost avskrivninger	7 180 109	6 625 600	6 625 600
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>10 309 659</b>	<b>2 859 237</b>	<b>2 270 300</b>

	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>
	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
<b>Interne finanstransaksjoner</b>			
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	2 893 271	0	0
Bruk av disposisjonsfond	1 550 000	2 680 663	4 000 000
Bruk av bundne fond	1 863 316	1 798 500	926 600
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>6 306 587</b>	<b>4 479 163</b>	<b>4 926 600</b>
Overført til investeringsregnskapet		0	0
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk		0	0
Avsatt til disposisjonsfond	9 583 612	6 703 900	6 577 100
Avsatt til bundne fond	6 857 161	634 500	619 800
<b>Sum avsetninger</b>	<b>16 440 773</b>	<b>7 338 400</b>	<b>7 196 900</b>
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>175 473</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## 5. Investeringar

Investeringsplanen for 2019-2022 er svært prega av det nye nærings- og tenestesenter som skal byggast i perioden.

Samla investeringsutgifter i økonomiplanperioden 2019 – 2022 vert kr 51,6 millionar i framlegget. Kr 40 millionar av dette knyt seg til nybygget.

Nivået på investeringane må over tid sjåast i høve til storleiken på resultat og avsetjingar til fond frå drifta. Når driftssituasjonen vert strammare og tilførsel til fond avtar, vert handlefridomen og høvet til eigenfinansiering av investeringar dårlegare. Investeringsnivået i denne planen er mykje høgare enn vanleg, og knyt seg til nytt nærings- og tenestesenter som har vore planlagt og diskutert i mange år.

Investeringsutgiftene i planen vert finansiert med egne fondsmidlar, mva-kompensasjon, inntekt frå sal av anleggsmidlar samt låneopptak. Låneopptak knyt seg til nærings- og tenestesenteret. Sjå hovudoversikt 2A – Investering lenger nede.

## 5.1.Oversyn over investeringar – budsjettkjema 2B

Investeringsoversyn 2019-2022	2019	2020	2021	2022
Nytt dekke på tennisbanen på Øvre Helland	150 000			
Oppgradering Modalstunet	1 700 000			
Avfallsskur og røykeskur til beboarane Modalstunet (Avfallsskur 2021, Røykeskur 2022,)			150 000	150 000
Nytt dekke til ballbingen på Mo skule	150 000			
Investering i nærings- og tenestесenter	10 000 000	20 000 000	10 000 000	
Oppgradering av kommunale bustader	500 000	300 000	300 000	300 000
Asfaltering kommunale vegar	250 000			
Markisar til Mo skule 16 stk		250 000		
Sand -, saltspredar til vinterdrifta på teknisk etat	170 000			
Diverse investeringar innan vatn og avlaup	400 000	400 000	400 000	400 000
Klatrepark til barn og unge - Båthamna – Otterstad		500 000		
Uteområde skule og barnehager		500 000		
Tilrettelegging for bustadareal, tomtekjøp, opparbeiding m.m.	600 000	500 000	250 000	
Turvegar		250 000	250 000	250 000
Oppgradering av flytebyggja på Mo	500 000			
Flomførebygging Modalselva	250 000			
Planlegging/prosjektering av oppgradering av brannstasjonen i industribygget	500 000			
Selvgående grasklipper til å sitte på. (Kubota)	150 000			
Uforesette investeringar	300 000			
Ny bil til uteseksjonen	350 000			
IKT - investering Mo Skule	150 000			
Rassikring	150 000			
<b>Sum</b>	<b>16 270 000</b>	<b>22 700 000</b>	<b>11 350 000</b>	<b>1 100 000</b>

Avsetjing til nærings - og tenestесenter	1 000 000	1 500 000	2 500 000	
--	-----------	-----------	-----------	--

## 5.2.Budsjettkjema 2A – Investering

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Økonomiplan	Økonomiplan	Økonomiplan
Budsjettkjema 2A - investering	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Investeringar i anleggsmidler	2 058 551	5 270 000	16 270 000	22 700 000	11 350 000	1 100 000
Utlån og forskutteringar	0	300 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Kjøp av aksjer og andelar	223 376	170 000	280 000	280 000	280 000	280 000
Avdrag på lån	254 544	300 000	350 000	350 000	350 000	350 000
Avsetningar	578 890	400 000	2 080 000	3 875 000	2 500 000	0
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>3 115 361</b>	<b>6 440 000</b>	<b>19 980 000</b>	<b>28 205 000</b>	<b>15 480 000</b>	<b>2 730 000</b>
<b>Finansiert slik:</b>						
Bruk av lån - investeringar	0	0	7 500 000	15 200 000	0	0
Bruk av lån - formidlingslån	1 569 677	300 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Inntekter fra salg av anleggsmidler			4 000 000			


Tilskudd til investeringer	954 000					
Mva-kompensasjon	302 140	650 000	2 484 000	3 560 000	1 680 000	80 000
Mottatte avdrag på lån og refusjoner	167 197	300 000	1 430 000	2 725 000	350 000	350 000
Andre inntekter	35 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>3 028 014</b>	<b>1 350 000</b>	<b>16 514 000</b>	<b>22 585 000</b>	<b>3 130 000</b>	<b>1 530 000</b>
Overført fra driftsbudsjettet	0	0	0	0	0	0
Bruk av avsetninger	87 347	5 090 000	3 466 000	5 620 000	12 350 000	1 200 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>3 115 361</b>	<b>6 440 000</b>	<b>19 980 000</b>	<b>28 205 000</b>	<b>15 480 000</b>	<b>2 730 000</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### 5.3.Fondsmidler og lånegjeld – utvikling

Diagrammet for ubundne fondsmidler under syner utvikling i samla frie fondsmidler fram til og med året 2018 med samla kapital kr 22,6 millionar pr 31.12.18. Fondskapitalen er auka frå eit svært lågt nivå pr 1.1.11 på om lag kr 2,8 millionar.


Fram til og med 2017 er det rekneskapsmessige verdiar som er synt. For året 2018 er det lagt til grunn budsjetterte verdiar.

**Diagram: Utvikling ubundne fondsmidler 01.01.10 – 01.01.19**



For åra i planperioden 2019-2022 er det synt utvikling i fondsmidlane i diagrammet under, der me syner Sum disposisjonsfond, og splittar dette opp i Næringsfondet (utanom grunnkapitalen), Generelt disposisjonsfond og Fond øyremerka nytt nærings- og tenestesenter.

**Diagram: Utvikling ulike ubundne fondsmidler 01.01.17 – 01.01.23**



Sum disposisjonsfond vil auke i perioden fordi fondsfinansierte investeringar i planperioden er relativt avgrensa, og at me finansierer noko av investeringsutgiftene med sal av bustader, samt at me får tilbake om lag kr 3,5 millionar i forskotterte vegmidlar frå Hordaland fylkeskommune. Utviklinga baserer seg på det som er lagt inn i budsjett og økonomiplan i drift og investering. Avvik i høve til dette vil sjølvsagt påverke utviklinga. Det ligg lite investeringsprosjekt i investeringsplanen i slutten av perioden. Dette vil neppe verte det som er realiteten når dei aktuelle åra vert budsjettår. Såleis er det grunn til å tru at utviklinga ikkje vert så positiv som diagrammet syner.

#### ***5.4. Utfyllande kommentarar til investeringsbudsjettet***

**I økonomiplanen er det lagt vekt på å halde investeringane i perioden på eit nivå som er tilpassa kommunen si økonomiske evne.**

**Investeringslista er på kr 16,27 millionar i 2019, kr 22,7 millionar i 2020, 11,35 millionar i 2021 og 1,1 millionar i 2022.**

#### **Nytt dekke på tennisbana på Øvre Helland**

Det er behov for utskifting av nytt dekke på tennisbana på Øvre Helland. Det eksisterande dekke er i dårleg stand.

Budsjettert kostnad i 2019                      kr 150 000.

### **Oppgradering Modalstunet**

Midlane til oppgradering av Modalstunet vert ikkje nytta i 2018, og vert tilrådd overført til 2019-budsjettet.

Budsjettert kostnad i 2019                      kr 1 700 000.

### **Avfallskur og røykeskur til beboarane Modalstunet**

Budsjettert kostnad avfallskur i 2021                                      kr 150 000.

Budsjettert kostnad røykeskur til beboarane i 2022                      kr 150 000.

### **Nytt dekke i ballbingen på Mo skule**

Det er behov for utskifting av nytt dekke i ballbinga på Mo skule.

Det eksisterande dekke er i dårleg stand.

Budsjettert kostnad i 2019                      kr 150 000.

### **Nytt nærings – og tenestesenter**

Det vart i 2013 utført ei vurdering av kommunehuset. Kommunestyret tinga i 2014 sak for vurdering av bygging av eit nytt kontorbygg for offentleg / privat verksemd. Eit skisseprosjekt vart utarbeida i 2015 og vart lagt fram for kommunestyret i november 2015. Eit revidert skisseprosjekt datert januar 2018 vart utarbeidda, der prosjektet er nedskalert i størrelse.

Kommunestyret vedtok 2018 å bygge eit nytt nærings- og tenestesenter i Modalen. Formannskapet vart styringsgruppa for prosjektet.

### **Avsetjing til prosjektet:**

Budsjettert avsetjing i 2019                      kr 1.000 000.

Budsjettert avsetjing i 2020                      kr 1.500 000.

Budsjettert avsetjing i 2021                      kr 2.500 000.

Samla avsetjing vert med dette kr 10,9 millionar til eigenkapital i prosjektet.

### **Investeringsutgift:**

Budsjettert kostnad i 2019                      kr 10 000 000

Budsjettert kostnad i 2020                      kr 20 000 000

Budsjettert kostnad i 2021                      kr 10 000 000

### **Finansieringa er innarbeidd slik i budsjett- og økonomiplanframlegget:**

Lån 2019    kr 7 500 000

Fond 2019    kr 900 000

Mva-komp 2019                                      kr 1 600 000

Lån 2020    kr 15 200 000

Fond 2020    kr 1 600 000

Mva-komp 2020                                      kr 3 200 000

Lån 2021    kr 0



Fond 2021	kr 8 400 000
Mva-komp 2021	kr 1 600 000

### **Oppgradering av kommunale bygg**

Modalen kommune har i dag 28 bueiningar, av varierende alder og kvalitet. Det vert planlagt sett av midlar kvart år i økonomiplanen til oppgradering.

For året 2019 er det tenkt oppgradering av Kleivane 19, 21 og 23. Det er og trong for ei nøktern oppgradering av Kleivane 18. Uføresette hendingar og vedlikehald vert føresett dekkja innan ordinær drift i 2019.

Budsjettert kostnad i 2019	kr 500 000.
Budsjettert kostnad i 2020	kr 300 000.
Budsjettert kostnad i 2021	kr 300 000.
Budsjettert kostnad i 2022	kr 300 000.

### **Asfaltering kommunale vegar.**

Det må asfalterast frå veg til barnehage og fram til nytt bustadhus på Helland.

Budsjettert kostnad i 2019	kr 250 000.
----------------------------	-------------

### **Markisar til Mo skule 16 stk**

Det er behov for nye markisar til solskjerming ved Mo skule. Markisene er i svært dårleg stand. Nokre er lause i vegg, andre manglar tau slik at ein får dei korkje opp eller ned, og nokre er sunde. Det gjev ein dårleg solskjerming på solrike dagar. Det er i alt 16 markisar i fasaden som vender ut mot skuleplassen. Dei fleste er doble, og går over to vingauge.

Budsjettert kostnad i 2020	kr 250 000.
----------------------------	-------------

### **Sand-, saltspredar til vinterdrifta på teknisk etat**

Kommunen har to stk sand- saltspredarar til vinterdrifta, ein på Øvre Helland og ein på Mo. Den på Mo er ca. 11 år gamal, i dårleg stand og er utsleten. Det er difor behov for å investere i ein ny.

Budsjettert kostnad i 2019	kr 170 000.
----------------------------	-------------

### **Diverse investeringar innan vatn og avlaup**

Vatn og avlaupsanlegga i Modalen kommune treng løpande oppgradering.

Det har òg kome forespørsel om tilknytning til kommunalt vassverk på Øvre Helland. Dette gjeld tre husstandar og ei hytte på Langhaugen. Dei har store problem med kalk og sand som øydelegg hushaldutstyr som forbrukar vatn. Det har vore gjort fleire forsøk på å reinsa vatnet utan at det har lukkast. Det må leggest ein 200 m lang leidning fram mot desse eigedommane. Dei må sjølve ta kostnadane frå dette punktet fram til husa.

Budsjettert kostnad i 2019	kr 400 000.
Budsjettert kostnad i 2020	kr 400 000.
Budsjettert kostnad i 2021	kr 400 000.

Uføresette brot vert føresett dekkja innan ordinær drift.

### **Klatrepark til barn og unge - Båthamna – Otterstad**

Det er kome innspel på å etablere ein klatrepark til barn og unge i området båthamna – Otterstad.

Budsjettert kostnad 2020 kr 500 000.

### **Uteområde skule og barnehage**

Etter innspel frå rektor og styrar, er det ynskjeleg med oppgraderingar. Mykje begynner å bli slitt, og det er behov for fornying og oppgradering. Skulen og barnehagen må sjølv skildra behov og planlegge oppgraderinga i løpet av 2019.

Budsjettert kostnad 2020 kr 500 000

### **Tilrettelegging for bustadareal, tomtekjøp, opparbeiding m.m.**

I kommunestyret i sak 017/2018 vart det vedteke at kommunestyret ønskjer å sette i gang regulering på Kleivane, på område som allereide er avsett til bustadområde i kommuneplanen. Dette arbeidet er ikkje sett igong enno.

På Helland er det eit regulert bustadområde som er eigd av privat grunneigar. Området er ikkje utbygd. Det er komen eit inspel til komunen med ynskje om å kjøpe tomt i bustadområdet. På Helland er det kun tre kommunale bustadtomter att. Kommunen kan gå i dialog med grunneigar om å få kjøpe området. Det er difor behov for midlar til kjøp av bustadområdet og tilrettelegging av infrastruktur.

Budsjettert kostnad 2019 kr 600 000

Budsjettert kostnad 2020 kr 500 000

Budsjettert kostnad 2021 kr 250 000

### **Lysløyper / turløyper**

Det er behov for å utvikle og opparbeide tilbodet med turløyper. Dette vil vere eit viktig folkehelseiltak for alle aldersgrupper.

Det bør utarbeidast prosjektplanar i samarbeid med idrettslag, vellag og grunneigarar, og søkjast ekstern samfinansiering. Det er førebels ingen avklaringar med grunneigarar, og prosjektet har såleis liten framdrift til no.

#### Aktuelle prosjektområde:

Turstiar på Nygard i samarbeid med hytteforening / vellag.

Turveg Helland – Mo

Sykkelveg / lysløype for ski vinterstid

Øvre Helland

Budsjettert kostnad i 2020 kr 250 000.

Budsjettert kostnad i 2021 kr 250 000.

Budsjettert kostnad i 2022                      kr 250 000.

### **Oppgradering flytebryggja**

Det er montert nye uttak for straum ved flytebryggja og kai i Mo sentrum. Det er òg sett opp nytt fordelingsskap for straumforsyninga. Det er vidare naudsynt med ny forankring og oppgradering av eksisterande flytebryggje.

Budsjett kostnad i 2019                      kr 500 000.

### **Flomførebygging Modalselva**

Det har bygd seg opp ein sandbanke ved utløpet av Modalselva. Det kan føre til at elva vert pressa meir mot Otterstad sida.

Deler av sandbanken bør derfor fjernast. Mudring av sandbanke ved utløpet krev løyve frå Fylkesmannen i Hordaland. Truleg vert mudring gjennomført etappevis over ein periode på fleire år, for å kunne tilpassa gjennomføringa best mogleg til anna aktivitet/bruk gjennom året.

Budsjettert kostnad 2019                      kr 250 000

### **Oppgradering av brannstasjonen i industribygget**

Frå 01.05.2017 vart Modalen Brannvern ein del av Lindås og Meland Brannvern. I avtalen som vart inngått har Modalen forplikta seg til å kosta utbetring av brannstasjonen på Mo. Pålegg frå Arbeidstilsynet i samband med tilsyn for å førebyggja helseskade for brannmannskap og feiar, medfører behov for og krav om vesentlege utbetringar ved dagens brannstasjon.

Forum arkitekter har gjort ei vurdering av ombygging av stasjonen, og konklusjonen er at det vil kunne medføre høge kostnadar å utbetra dagens brannstasjon til å ivareta krav i lov og forskrift.

Vidare prosess og framdrift i denne saka, samt vurdering av ulike alternative løysingar, må drøftast og forankrast politisk før ein vel kva løysing ein vil gå for.

Budsjettert kostnad    2019                      kr 500 000.

### **Sjølvgåande grasklyppar til å sitte på (Kubota)**

Kommunen eig i dag ein sjølvgåande grasklipper som no er 15 år gamal.

Hydrostaten på eine sida er gåen. Det vil koste kr. 45.000 + mva å reparere maskinen.

Det er difor behov for å skifta ut den gamle grasklypparen. Innbytteinntekt kr 20 000 bidrar til finansiering.

Budsjettert kostnad    2019                      kr 170 000.

## **Uføresette investeringar**

Løyving/buffer til utføresette investeringstiltak utan konkret løyving. Rådmannen disponerer denne.

Budsjettert kostnad 2019 kr 300 000.

## **Ny bil til uteseksjonen**

Varebil tilhøyrande teknisk etat er frå 2013, den har no gått 185 000 km.

Reperasjonskostnadane er blitt for høge. Det er difor naudsynt å investere i ein ny bil.

Det vert rådd til at kommunen kjøper ein bil med 2-3 seter. Dette vil i dei fleste tilfelle dekkje behovet. Budsjettsummen inkluderer evt tilleggsutstyr som vil verte vurdert.

Budsjettert kostnad 2019 kr 350 000.

## **IKT - investering Mo Skule**

Ved Mo skule er det stor trong for nye datamaskiner. Pr i dag har skulen 26 bærbar PC-ar til 72 elevar, noko som gjev ei dekningsgrad på 36% (tre elevar pr PC).

Fleire av dei tilsette har i dag svært gamle og utrangerte PC-ar på arbeidsplassen. Me ynskjer at det vert kjøpt inn Chromebook også til dei tilsette slik at dei vert kjende med same utstyret som elevane nyttar. Dette er ein føresetnad for at ein skal kunna gjera ein god jobb med elevane. Totalt sett er det då ynskje om at det vert investert i 60 Chromebooks til Mo skule.

Investeringskostnad vert  $60 * \text{kr } 2\,500 = \text{kr } 150\,000$

Budsjettert kostnad 2019 kr 150 000.

## **Rassikring**

Fanggrøft og rasvoll ved kunstgrasbana.

For å hindra at det kjem stein ut på bana er det naudsynt å flytta massane som ligg inn til fjellet.

Budsjettert kostnad 2019 kr 150 000.